

# Jordnær bonde blir utadvent vertskap

Velkomen til fagdagtur i Finnøy Fredag 18. august kl.

09.00-15.30

Ryfylke Næringshage og Finnøy kommune ønskjer velkomen til fagdagtur til Talgje og Finnøy i samband med Tomatfestivalen 2017.

Målet med denne dagen er å visa fram Finnøy kommune sitt allsidige næringsliv, frå landbruk, havbruk og reiseliv, til entreprenørar og handverkarar. Tomatfestivalen set fokus på mat- og landbrukskommunen Finnøy, der tomatnæringa blir framheva spesielt.

Målet med dagen er at våre eigne bedrifter får stadfesta kor viktige dei er og kva dei skapar av aktivitetar, innovasjon og verdiar.

Samstundes ønskjer me å visa omverda Finnøy sine kvalitetar og ressursar. Ja, kva skapar me av aktivitetar og verdiar i øykommunen vår. Frå år 2020 skal Finnøy bli ein storkommune med Rennesøy og Stavanger. I denne storkommunen skal øyane i Finnøy vera ein synleg og tydeleg kommunedel .

- ✓ Finnøy har 3235 innbyggjarar og 1000 registrerte verksemder i Brønnøysundregistra.
- ✓ Finnøy er den største tomatkommunen i Norge og den nest største fjørfekommunen. Vel 30 % av dei sysselsette finn ein i primærnæringa (landbruk-havbruk).
- ✓ Sjølv om mjølkeproduksjonen er gått ned, er Finnøy framleis ein vesentleg storfekommune, i lag med satsing på sau og gris.
- ✓ Finnøy kommune er den kommunen i Rogaland med mest laks (biomasse – tal kg i anlegg). I desse dagar etablerer me den første havbruksparken i Rogaland for marine artar.
- ✓ Rødne er lokalisert i Sjernarøyane og er eit av dei største hurtigbåtreiarlaga i Norge med mindre hurtigbåtar.
- ✓ Årets kjøkkensjef i Norge er Ryfylkekokken Frode Selvaag, som er lokalisert på Finnøy.

Fagdagturen er tredelt. Oppstart på Skavland Gartneri på Talgje kl. 09, med orientering, omvising og korrektig finnøymat. Derfrå blir me alle med på busstur til og rundt Finnøy, med enkelte spennande stopp undervegs. Til slutt endar me opp på Utsyn Misjonssenter på Finnøy kor det blir lunsj, lokalmarknad og ulike føredrag.

Me kan lova ein innhaldsrik dag med mange gode opplevingar og innslag. **Ryfylke Livsgnist**, som er lokalisert i Ryfylke Næringshage, vil leia oss gjennom dagen.



## Program for dagen – fredag 18. august

- Kl. 08.00 Finnøy Buss startar frå Byterminalen i Stavanger.  
Frå kl. 08.30 Oppmøte Skavland Gartneri på Talgje. Bussen kjem om lag 08.50  
Kl. 09.00 Velkomen ved ordførar i Finnøy kommune Henrik Halleland  
Skavland Gartneri ved Håvard og Edle Skavland: Herlege perle- og juanitatomatar.  
Servering av gongkaker med tomatsyltetøy frå Finnøy v/ Marit Vignes
- Kl. 10.00 Felles busstur frå Talgje, gjennom tunnelen og til Finnøy. Rundtur på Finnøy.  
- Søre Vignes og Tyskerhålene: «garden som opplevingsplass». Gardbrukarane Henrik og Merete Halleland har i lag med Ryfylke Livsgnist utvikla eit populært reiseliskonsept i spektakulære håler. Her blir det innlegg og overraskingar.  
- Guiding rundt Finnøy via Steinnesvåg, Hesby og Mjøsnes. Innslag undervegs både av historisk og næringsmessig karakter.
- Kl. 12.15: **Lunsj** på Utsyn Misjonssenter v/ dagleg leiar Sissel Marie Bjerga  
**Lokalmarknad med råvarer og produkt frå Finnøy**
- Kl. 13.30: **Synleg og stolt næringsliv**  
v/ dagleg leiar i Ryfylke Næringshage, Heidi Skifjell  
**Frå oljebý til landbrukskommune**  
v/ Ordførar i Stavanger, Christine Sagen Helgø  
**Mat i framtida! Handla lokalt, tenkja globalt!**  
v/Ryfylkekokken Frode Selvaag
- Kl. 14.20: Pause
- Kl. 14.45: **Finnøy, ei lita uvesentleg brikke i ein svær organisasjon?**  
v/ adm. dir. i Næringsforeningen i Stavangerregionen Harald Minge.  
**Oppsummering av dagen**  
v/ Landbruksdirektør i Rogaland, Geir Skadberg
- Kl. 15.30 : Vel heim.  
Velkommen til festdag i Judaberg sentrum laurdag 19. august!



Bussane køyrer tilreisande til Judaberg kai, til «p-plassen» på Talgje og til Byterminalen i Stavanger.

### Praktisk informasjon om reise

For dei sørante: Det blir sett opp buss Byterminalen i Stavanger med avgang kl. 08.00. Bussen stoppar på Sokn og Rennesøy undervegs. Retur kl. 15.30 frå Utsyn.

Dei innante: Hurtigbåt frå Sauda/Suldal er på Judaberg 08.40. Hurtigbåt frå Hjelmeland er på Judaberg same tid.

Strandalandet mm: Hurtigbåt frå Tau 07.35, på Judaberg 08.00. Me hentar alle på kaien.

Retur hurtigbåtar: Passar for alle i Ryfylke

Dei som køyrer bil kan parkera denne på Talgje i nærleiken av Skavland Gartneri.

**Deltakaravgift er kr. 600,- per deltakar inkl. busstur, mat og opplevingar.**

Påmelding skjer til: [http://tomatfestivalen.no/kloke\\_hender\\_pamelding.html](http://tomatfestivalen.no/kloke_hender_pamelding.html)

Skriv inn korleis du reiser, slik at me kan ta oss godt av deg!



Finnøy kommune



Ein siva partner